

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Pkt 1.

Rundkøyringa i Os sentrum er ein flaskehals på Hatvikvegen, og bør utbetrast innan bruksløyve for utbygginga på Bjånes vert gjeven. Her må ein og sjå på gjennomgåande sykkeltraséar for å sikre eit korresponderande sykkelvegnett i området.

Pkt. 5.

Os Barneskule i Os sentrum som denne krinsen soknar til har allereie sprengd kapasitet, ein bør difor prioritere utbygging av ny skule i nærområdet.

Nytt pkt 7.

Det må takast omsyn til ein artsrik vegkant med forekomst av arten Hjortetunge som er klassifisert som «svært viktig» naturtype. Denne ligg søraust for og like utanfor utbyggingsområdet B3, Grovskaråsen, og er lokalisert berre ein meter frå vegen.

Nytt pkt. 8.

Gjennom konsekvensutgreiingar for biologisk mangfold og utvalde naturtypar, bør ein føreta feltundersøkingar for å avdekke om der finnast førekomster av gamle og hule eiker, som er karakteristisk for området. Gamle og hule eiker er ein av fem utvalde naturtyper etter naturmangfaldlova.»

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Same innstilling som Samferdselsutvalet pkt.1 til 5 gjort i møte 18.03.2015.»

**Anne-Beth Njørheim (V)** sette fram slikt forslag

«Nytt pkt. 7

Dersom utbyggingar inngår forpliktande utbyggingsavtale med Os kommune der det føreligg økonomisk garanti, og denne avtalen ivaretek trafikksikringstiltak på ein god måte samt omsyn til barn og unge og folkehelse kan motsegnene trekkast.»

### Røysting

Golis sitt forslag til nytt pkt. 1 fekk 4 (MDG og Frp) røyster og fall

Golis sitt forslag til nye pkt. 5, 7 og 8 fekk 2 røyster (MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 6 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, V og MDG) mot Halleraker sitt forslag som fekk 6 røyster (H og Frp) og fall.

Njørheim sitt forslag til nytt pkt. 7 vart vedteke mot 2 røyster (MDG).

### Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforslaga korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til at det vert opna for utbygging på Bjånes før det vert etablert gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen, frå Hegglandsdalskrysset fram til Bjåneskrysset (vest).
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.

4. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områdereguleringsplanen. Nærsenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
5. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærare på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
6. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn på grunn av manglande omsyn til barn- og unge og folkehelse. Leikeplassar og uteopphaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.
7. Dersom utbyggingar inngår forpliktande utbyggingsavtale med Os kommune der det føreligg økonomisk garanti, og denne avtalen ivaretek trafikksikringstiltak på ein god måte samt omsyn til barn og unge og folkehelse kan motsegnene trekkast.